



Rogaland Sau og Geitalslag
v/Ole Jonny Espevold, Storhaug
5565 Tysværåvåg

Forbod mot skotpremie for felt jerv

Syner til artikkel i Suldalsposten, 20.12.08, og i Ryfylke, 23.12.08, om lisensjakt på jerv. Det går mellom anna fram at Rogaland Sau og Geitalslag har lova dusør på kr 20 000,- for kvar felte jerv. Det er ikkje lovleg, jf viltlova §51, som er klår på at skotpremie ”kan bare fastsettes for viltarter som har jakttid og som gjør skade”. RSG blir og sitert på at dei kan dekkja utgifter til transport av jegerar med snøskuter og helikopter. Bruk av motorisert framkomstmiddel er ikkje lovleg i samband med lisensfelling.

Lisensfelling og skadefelling er heimla i viltlova §12. Med unntak for gaupe har ingen av dei store rovdyra ordinær jakttid i samsvar med viltlova §9, og ein kan difor ikkje utbetala skotpremie.

Etter gjeldande forvaltingsplan for rovvilt for Region 1 (Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder) er det gjeve opning for utbetaling av fellingsvederlag avgrensa oppover til kr 25 000,- for felte dyr i samband med skadefellingsvedtak. Skadefelling er til forskjell frå lisensfelling akutt motivert, og fylkesmannen eller DN kan sette til sides vanlege reglar for utøving av jakt for å auke høvet til å ta ut eitt eller fleire skadegjerande individ. Forvaltingsplanen er likevel klår på at det er fylkesmannen som i kvart høve skal fastsette vederlag. Forvaltingsplanen blir revidert tidleg i 2009.

Seint i 2008 vedtok Miljøverndepartementet ei ny forskrift om avlønning av kommunale fellingslag som har vore aktive i skadefellingsforsøk i meir enn 1 veke. Ordninga skal gjelda ut 2009, og gjeld ikkje lisensfelling.

Lisensfelling er med einiskilde unntak ei skademotivert felling der vanlege reglar for jakt og fangst gjeld. Unntaket er at det er krav om personleg lisens og spesielle rapportrutinar. Det kan ikkje utbetalast skotpremie i høve til lisensfelling. Sjå og avgjerda frå Miljøverndepartementet på klage på vedtak om skotpremie på jerv av Indre Namdal regionråd, dagsett 16.10.2006. Forbod mot premiering er ikkje til hinder for å gje tilskot til jegerar dersom tilskotet gjerast uavhengig av fellingsresultat.

Viltlova §21 sett forbod mot bruk av motorisert framkomstmiddel i utmark under jakt. Lisensfelling blir råka av dette. Når det gjeld frakt av lisensjegerar til jaktområda og lokalisering av spor med motorisert framkomstmiddel i utmark, må dette vurderast i høve til nasjonal forskrift til motorferdslelova §6. Den må tolkast slik at kommunane ikkje har grunnlag for å gje løyve til slik bruk av t.d. helikopter eller snøskuter.

Konklusjon

Fylkesmannen føreset at Rogaland Sau og Geitalslag opphevar tilbodet om skotpremie og tilbod om fri motorisert transport i utmark for jervjegerar. I tillegg må dette kunngjerast på eit vis som gjev tilstrekkeleg sikkerheit for at jervjegerar i Rogaland er klåre på kva premiss som gjeld for jervfellinga. Dette må gjerast så snart som råd, og seinast innan 1 veke etter dette brevet er motteke.

Fylkesmannen ber om tilbakemelding på kva som er gjort innan 15. januar i år. Dersom dette ikkje blir følgt opp kan ein risikera melding til politiet.

Med helsing

Per Terje Haaland
ass. fylkesmiljøvernsljef

Anders T. Braa
viltforvalter

Saksbehandlar: Anders T. Braa
Saksbehandlars telefon: 51 56 89 14
E-post: anders.braa@fmro.no

Kopi til:

| | | | |
|-------------------------------------|---------------|------|------------|
| Suldalsposten | postboks 114 | 4239 | Sand |
| Direktoratet for naturforvaltning | Tungasletta 2 | 7485 | Trondheim |
| Øyvind Bergøy | Randøy | 4130 | Hjelmeland |
| Suldal kommune | Eidsvegen 7 | 4230 | Sand |
| Sauda kommune | Postboks 44 | 4201 | Sauda |
| Statens naturoppsyn v/Reidar Sandal | | 4230 | Sand |
| Ryfylke Avis | Rådhusgt. 1 | 4200 | Sauda |